



Møtebok
IS Fjordvegen Rute 13
Styremøte 14.09.2016
Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus
Klokka 08:30 – 10:15

Møtte: Gerd Helen Bø, Bjørn Laugaland,
Morten Midlang, Edmund Utne, Arne Bergsvåg,
Forfall: Marthe Hammer, John Opdal, Arnstein Menes, Sigbjørn Hauge

Sekretariatet: Jostein Eitrheim og Hanne Sundbø frå Hardangerrådet iks.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 27/16 Meldingar

Ingen meldingar framlagt

Sak 28/16 Oppfølging NTP

Styret og administrasjonen arbeider vidare med påverknadsarbeid mot regjeringsnivå før jul. Styret søkjer å få til eit møte med Samferdselsministeren før jul. Administrasjonen tar kontakt med Samferdselsdepartementet for avtale om møte.

Evt. kopla inn Nasjonal rasskringsgruppe. Rv 13 Fjordvegen har behov for midlar knytta til rassikring og generell standardheving for betra framkome.

Vinkla innspel mot Nasjonale Turistvegar.

Utviklinga innanfor turistnæringa i regionen gjev grunnlag for å prioritera tiltak på Rv 13.

Prognoser for vekst i turisttrafikken syner at ein må forventa svært stor trafikkauke.

Vedtak:

Administrasjonen tar kontakt med Samf.dep. for avtale om møte med minister/statssekretær før jul.

Sak 29/16 Fastsetjing av dato og tema for Årskonferansen 2017

Blix Hotel, Vik er reservert for Årskonferansen. Dette vert kansellert.

Årskonferansen vert lagt til Sola/Forus. Hanne innhentar prisar og reserverar plass.

Administrasjonen skaffar oversikt over møtekalendarar for fylkeskommunar og kommunar i Fjordvegregionen.

Årskonferansen vert arrangert i mars 2017.

For å få med stortingsrepresentantar på konferansen vil måndag, tysdag eller onsdag vera dei beste dagane.

Stort fokus på brei politisk deltaking ved konferansen.

Møteplass for at politikarar møter næringsliv og kommunar.

Vedtak:

Årskonferansen vert arrangert i mars 2017

Tema:

- NTP
- Reiselivet i Fjordvegregionen etter Ryfastopning

Sak 30/16 Førebuing styretur 10.-12.oktober 2016, tema og møtepunkt.

Hanne har hatt kontakt med Stavanger kommune. Dei har ikkje høve til å møta oss. Sandnes kommune har signalisert at dei kan møta oss.

Styreturen vil vera viktig for at styremedlemmene vert kjent med heile Rv13-traseen.

Tema vi ønskjer å ta opp med kommunane:

- Ryfylkeporten
- NTP
- Reiselivet i Fjordvegregionen
- Årskonferansen – Innspel til tema.
- Ny kommunestruktur – Fjordvegens betydning for kvar kommune (Gjeld Ryfylke)

Vedtak:

Administrasjonen utarbeider detaljprogram og dette vert sendt ut til styremedlemmene. Kvart styremedlem melder kva deler av turen ein kan delta på.

Sak 31/16 Orientering frå arbeidsgruppa i prosjektet «Reiselivet i Fjordveg-regionen etter opninga av Ryfast i 2019»

Milepæl i arbeidet å få på plass alle avtalar til konferansen 14.09. på Hotel Ullensvang
Nytt møte i arbeidsgruppa etter konferansen.

Vedtak.

Styret tar orienteringa til vitande

Sak 32/16 Fast post: Gjennomgang av status for Rv 13

Rogaland:

- Møte med dep. vedr. Årdalstunnelen
- Høyringsmøte om tunnel i Rødsliane
- Innsnevring av bru mellom Sand og Suldalsosen
- Utvida turistvegstatus
- Opning Almannajuvet

Hordaland:

- Høyringsmøte vedr utkast til sluttrapport «Prosjekt Brattlandsdalen»

Sogn og Fjordane:

- Vikafjellet har vore omkøyringsveg for E 16.
- Problem med oppstillingsplassar på ferjekaiane Vangsnes og Hella.
- Opning av «Utsikten» på Gaularfjellet.

Vedtak:

Styret tar gjennomgang til orientering

Sak 33/16 Ymse

Neste styremøte ifm styretur i oktober.

Vurdera styremøte ifm. mogeleg møte med Samferdselsministeren

Jostein Eitrheim
sekretær